

Striden om Finnmarka.

Av Halvdan Koht.

Eit viktig arbeid for norsk, og aller mest for nordnorsk historie, er den boka som professor Oscar Albert Johnsen sende ut i 1923: "Finmarkens politiske historie, aktmæssig fremstillet" (Chra. Videnskapsselskaps skrifter, Hist.- filos. klasse, 1922 nr. 3). Verke er skriva etter oppmoding av Utanriks-departemente, og det har soleis samanheng med det norsk-finske grense-spursmåle som kom upp etter verdskrigen. Men det er eit reint vitskapsverk som berre går ut på å greie ut sanninga so langt som råd er. Emne for det er å vise korleis Finnmarka vart norsk, og korleis det fekk des grensene som det no har. Boka rekk soleis yver ein tidbolk som går ifrå den elste busetninga i lande fram til grensetraktaten i 1826. Og ei stor bok har det vorte: sjølve teksten er på 258 dryge sider, dertil kjem 81 finstilte sider med aktstykke, endeleg eit register og sju landkart.

I dei siste åra har det kome fram ikkje so lite nytt om den finnmarkske historia. Svensken Nils Enewald gav ut i 1920 ei bok om "Sverige och, Finmarken", serleg om striden nærast fyre og etter år 1600. Eit viktig kjeldeverk er den samlinga "Dokumenter angaaende flytlapperne" som rektor J. Qvigstad og professor K. B. Wiklund gav ut i 1909 for den norske reinbeitekommissjonen (2 band): Mange nye opplysningar om des diplomatiske forhandlingane fins i samlinga "Danmark-Norges Traktater 1523-1750" som arkivar L. Laursen held på med (frå 1905-1923 har det kome 6 band, og dei når fram til 1675). Og endå fins det sjølv sagt ei mengd med skrifter - på norderlendske mål, på

-9-

finsk og på russisk - som handlar om eller snerter inn på Finnmarks-historia. Men professor Johnsen har ikkje kunna bli ståande berre med det som er prenta; han har dessutan mått leite fram ein brote med uprenta aktstykke frå norske, danske og svenske arkiv, so han kann segje at alt dette, er hovudgrunnlage for verke.

Det er då heilt igjennom eit fyrstehands-arbeid vi her har fått; kvar einaste ting som ikkje bokskrivaren sjølv har funne fram, har han endå granska heilt ifrå nytt, og gjort seg upp ein sjølvstendig dom um det. Heile det svære, ofte flokute tilfange er framifrå væl gjennomtenkt og gjenomarbeidd, og det er framlagt i klår og grei tilskipping, so ein lettvindt finn seg til rettes i

det. Hovudtyngda er lagt på nytida, frå 16de hd.-åre og frametter, og alle forhandlingane mellom Danmark-Noreg på den eine sida, Sverige og Russland på den andre, om skattekrav, og landekrav og grenseliner, fær vi ypparleg kjennskap til.

Det som ein kann segje det skortar noko på, det - er det utsyne som skulde sette det serlege emne i boka i samanheng med ålmenn framvokster. Vi fær god greie på des busetnings- og næringsvilkåra i Finnmarka som fører til tevling og strid der på staden. Og striden om Finnmarka blir jamleg sett i hop med den andre utanrikspolilikken lande vårt var uppi. Men del ålmenne økonomiske vilkåra som hadde innverknad på Finnmark-spursmåle, og - det som visseleg var det viktigaste av alt - den indre stats-voksteren i kvart land som dreiv striden fram, det høyrer vi lite eller ingenting om. Bokskrivaren er sers hag til å skildre *korleis* alt går for seg; men han spør lite etter *kvifor* det går soleis for seg, - kva det er for makter som ligg under tilgangen. Arbeide hans hadde fått endå vidare og rikare interesse, om han hadde sett på emne frå slikt eit synspunkt! For striden om Finnmarka galdt endå meir enn berre strenderne og viddene der nord, so viktig som sjølve dette er; han galdt dessutan store pripsipielle spursmål, - det va ein ny politikk som sprengde seg fram og skapte strid.

Om folkesetning og næringsdrift i Finnmarka i dei eldst tidene, ja heile midalderen til endes, er vi nøydde til å

-10-

segje åt vi veit svært lite, og her blir difor ståande mange tvilsame spursmål. Ymse ting kann difor andre granskarar ha andre meiningar om enn Johnsen; men han veg alltid grunnar og motgrunnar so klokt og omtenkamt mot einannan, so ein for det meste blir huga på å gje han rett. Eg skulde ha ynskt han hadde kjent den avhandlinga eg skreiv her i "Håløygminne" i 1921 om "Den norske busetninga i Finnmark". Det var kanskje sume ting eg sette noko på odden der; men hovudsynsmåten trur eg var rett, og eg skulde gjerne ha set han dryft. Når det spør om den norske busetninga nordafor sjølve Hålogaland i fyrr-historisk tid, kann vi elles vente at den arkeologiske granskinga etter kvart skal gje oss mykje støare grunnlag enn vi endå har. Men etter dei opplysningane som til no ligg fyre, trur eg det må stå fast, at fyre vikingtida var det berre på ei eller anna øy at normenner hadde slegje seg ned so langt nord som nordafor Tranøy, om dei so titt kunde ferdes på veiding lenger nordetter. I og etter vikingtida kann det nok ha vorte noko fleir av slike spreidde bustader; men endå fram til 13de hd.-åre kann ein vel ikkje tale om norsk busetning i samanheng lenger enn til Malangen. Fyrst etter det 13de hd. åre er det at Finnmarka i sanning fær norsk folkesetning, sjølv sagt endå berre langs med havsida.

Just på denne tida gjekk det for seg eit stort økonomisk omskifte med Finnmarka. Men her synes eg at Johnsen byter om årsak og verknad. Han segjer (s. 32) at den norske busetninga i Finnmarka førde med seg framgang for fiske, so den gamle skinnhandelen kom meir i bakgrunnen. Men det rette er visst at det var framgangen for fiske som drog den norske busetninga etter seg. Og skinnhandelen hadde alt i fyrevegen gått tilbake. Johnsen nemner ikkje den forvitnelege meldinga i eit verk frå 1265(soga om Håkon Håkonson), at sidan 1222 hadde ingen fare ifrå Noreg til Bjarmeland. Denne meldinga gjev ikkje vitnemål om økonomisk eller politisk nedgang for Noreg; men ho fortel om at Bjarmelands-handelen hadde teke ein ny veg. Det var dei nordtyske byane(dei som sidan vart til hansebyane) som for ålvor hadde opna Øystersjøhandelen og fast fersel på Russ-

-11-

land, serleg til Novgorod, det gamle Holmgard, som meir og meir vart ein tysk handelsby. Og kjøpmennene frå Novgorod kom no nord til Bjarmeland og kjøpte upp skinnvarene der, so normennene reint vart tevla ut. Ja, dei russiske skinnvarone tevla ut dei norske i heile Vest-Europa, og Finnmarka miste det gamle rome sitt i norsk handelsliv.

Men dei same nordtyske hansebyane som soleis tok noko ifrå Noreg på den eine kanten, gav det samstundes noko att på den andre. For det var dei tyske kjøpmennene som gjorde den norske turrfisken til ei stor verdsvare og dermed gav det norske skreifiske ein veldig framstøyt. Dette tok vel ikkje rett til å bli kjenneleg fyre slutten av 13de hd.-åre, og vi kann vel tenke oss att heile det 13de hd.-åre - etter skinnhandelen hadde dovna burt, og fyrr fiske kunde kome i full sving, - var ei dau tid for Finnmarka. Men frå slutten av 13de hd.-åre ser vi tydelig ny framgang i Finnmark; no er det at fiske tek til å bli hovudnæringsvegen, og der med kjem for ålvor den norske busetninga. Slik trur eg samanhengen må være, og dermed kjem heile Finnmark-spursmåle inn i breiare synsvidd.

Samstundes med at Finnmarka soleis fekk dei økonomiske livsvilkåra sine lagt om på ny grunn, var det at den norske staten kom inn. i nye politiske tilhøve gjennom sambande med Sverike (1319). Johnsen segjer (s. 24) at dette sambande hadde ingen heldig virkning paa utviklingen av forholdet mellem Norge og Rusland”, sidan Noreg dermed vart drege inn i dei svenske ufredane med Novgorod. Men reint uheppe har det kanskje likevel ikkje vore, sidan Johnsen på neste sida held fram at traktaten med Novgorod i 1326 ”betegner en viktig reel indrømmelse til Norge i grænsespørsmålet”, soleis just for Finnmarka: Novgorod godkjente no Finnmarka for norsk land. All den grensekrigen vi høyrer om nord i Finnmark, med herjing av kvænar, karelar og russar, har no vel elles lite samanheng med den norsksvenske

unionen: herjingane hadde teke til alt i 1270-åra. Og i det heile kann vi vel segje at det ikkje var statsmakter som førte krig på den måten; einskildfolk for altfor titt ut i

-12-

krigs- og røvarferd på eiga hand. Vi må alltid, vare oss for å føre våre egne statstanker yver på eldre tider og, andre vilkår, og dette gjeld serleg sterkt for Finnmarka, som endå på den tida låg so reint utafør all statsstyring.

Det kunde være væl turvande å få nøgjare dryft kva grunnlag den norske staten i midalderen hadde for krave sitt på herredøme yver Finnmark. Det er vel kjent at kringom år 1200 vart Noregs rike rekna for å nå so langt aust som til Vegestav, - Johnsen; og dei fleste andre granskarane, meiner det må være det, same som Svjatoi Nos, aust, på Kola-halvøya. Men korleis hadde Noreg vunne landet alt dit aust? Det veit vi ingen ting om. Men sanninga må vel være at det i røynda ikkje var lande, men folke, finnane, som høyrde til Noregs rike. Det er den upphavlege statstanken, det, å rekne med folk, ikkje med grunn. Vi kann finne fullt med merke etter en i alt midaldersk statsskikk og lovgjeving, og eg kann peike på eit sermerkt sidestykke fra norsk historie: då Grønland i 1261 vart lagt under den norske kongen, då var det just "grønlandingane" og ikkje "Grønland" som vart lydskyldige,, og landegrensa vart difor værende reint på det uvisse, - lande gjekk til "polstjerne"! Frå gâmel tid haddde hovdingane i Hålogaland skattlagt finnane; sidan tok dei norske kongane skatten, og dermed vart finnane norsk lydfolk. Det er vel rimeleg at kvænar og karelar samstundes har vore ute og skattlagt finnane. Men berre dei norske skattkrevjarane hadde fra fyrsten ei fastskipa, statsmakt bak seg, og difor kunde det finske lande, Finnmarka i aller vidaste meining, bli rekna for norsk land. Held vi likevel fast på at grunnlage her ikkje var herredøme yver land og grunn, men skatt rett yver eit fløttfolk, so skjønner vi lett att det norske landkrave i upphave ikkje var det slag, sterkare enn eit landkrav som andre statar kunde koma med, om dej og vann seg same skatt retten. Og det var just det som hende: både Russland og Sverike tok til å krevje skatt av finnane, og tri stater kom soleis til å tevla om Finnmarka.

Då var det at den norske busetninga so langt aust som til Vargøy og Varanger skapte eit nytt rettsgrunnlag for

-13-

det norske herredøme. Millom Malangen og Varanger vart det fra 14de hd.-åre ikkje berre tale om finnar, men om eit norsk folk, og det gjorde ein avgjørande skilnad. På den andre kanten tok russarne smått om senn til å flytte fram til Kvitehave og heilt yver til Kola-halvøya,. og soleis kom det her ein russisk. folkesetnad attmed finnane. Frå 15de hd.-åre kann vi la til å

tale om eit norsk og eit russisk lavdområde innafor den gamle Finnmarka. Vilkår for landetevlinga måtte då bli reint andre enn fyrr.

Men ikkje berre sjølve dei finnmarkske vilkåra laga seg annleis. Dei statane som skulde tevla om Finnmarka, var like eins i omlaging. Det rauk for ålvor opp til strid imellom dei i det 16de hd. åre, og no er det vi i sanning kann tale om statar i strid; mykje meir enn om kjøpmenner og einskildfolk. Hovudårsaka er at kvar einaste stat no på denne tide tok til å sette mykje større krav for si eiga styringmakt enn fyrr hadde vore bruk. Det 16de: hd.-åre er gjenombrotstida for nasjonalstatane og for det sterke riks kongedøme; det var makt-konsentrering i det indre; og dermed fylgde trong til maktvinning utetter.

I Nord-Europa har vi det store typiske døme i Sverige; fyregangslande i moderne stats-skiping. Den svenske imperialismen, landvinnings og stormakts-politikken som førte Sverige opp til slik glans i 17de hd: åre, hadde ei av dei sterkaste fyresetningane sine i det indrepolit-iske samskipningsarbeide som fyrr og samstundes vart drive; kongane av Vasa-ætta, fra Gustav I til Gustav Adolf; var grunnleggarane for den moderne staten i Sverige. Og Sverige vart den politiske mønsterstaten både for Russland og for Danmark-Noreg

Danmark-Noreg kom i røvnda ikkje skikkeleg etter fyrr enn med Christian IV; i hans regjeringstid tek vi endeleg til å få eit embetsverk i full meining i desse landa - det som bliv fullført med Einvelde. I Russland varde det endå lenger fyrr statsskipnaden nådde so langt; men her vann likevel statsmakta eit veldigt steg fram då storfyrst Ivan III av Moskva (1462 -1505), den fyrste "tsarens., samla alle dei russiske fyrstedøma i si hand. Og denne maktfremgangen

-14-

fekk mykje å segje for Finnmark-spursmåle etter tsar Ivan i 1478 hadde lagt Novgorod heilt under styre sitt. Etter den tida vort det på russisk side meir og meir ikkje tale herre om skatt-rett; frå 1580-åra tok tsarane jamvel til å forkynne at Kola-halvøya var gamalt russisk land, ervelandet deiras. Det var i dette ein reint naturleg, fylgjerett framvokster som måtte føre til strid.

Når det kom til å gå endå eit kvart tusundår fyrr striden millom Noreg og Russland tvinga seg fram til endeleg løysning, so hadde det ymse årsaker. Ein ting var at Danmark Noreg og Russland jamleg i all denne tida stod i hop i utanikspolitikken, so stridsspursmål mellom dei aldri vart sett på odden. Ein annan ting var at usemja mellom dei galdt slik ein utkant av baa rika, og i røynda hadde bo i hovudsaka løyst seg av seg sjølv lenge i fyrevegen, - eg skal straks nemne korteis.

Den staten som skapte krisa i Finnmark-spursmålet, det var Sverige. Hos Johnsen kjem det noko dått, dette at Sverige med ein gong grip so hardt inn, - endå han sjølv sagt peiker på korleis kvænanane ("birkarlarne") med handelen sin brøytte veg for dei svenske maktkrava i Finnmarka. Men her kann vi just so tydeleg sjå korteis indre statsskiping ber fram landvinnings-ynske. Heile statstanken til Gustav Vasa gjorde det naturleg for han, at han i 1550 drog inn under staten den finnskatten som birkarlarne fyrr hadde kravd inn. Lenger uti 1550-åra skipa han Vesterbotten i fem serskilde "lappmarker" med kvar sin lappfut, og desse futane tok so til å krevja skatt av både fjellfinnar og sjøfinnar allstad i Finnmarks, austpå likevel ikkje lenger enn til Varanger. I 1570, etter sjuårskrigen, kom dei svenske fredsforhandlarane jamvel med krav om at den dansk norske kongen ikkje måtte gjøre noko til meins for den veidinga som svenske sjøfinnar dreiv utmed have mellom Noreg og Russland. Dei danske forhandlarane sa at dei visste korkje om svenske sjøfinnar eller om nokon svensk rett der utmed have, og krave vart avvist. Men alt so tidleg ser vi då at svenskane tok til og freista trenge seg inn i det som dei rekna for ope land mellom Noreg og Russland. Og under Carl

-15-

IX fekk krave fult form: alt land mellom Tysfjorden og Varanger var i røynda svensk!

Johnsen segjer ein stad (s. 118) - og det har tonen av eit lastord i seg - at den svenske Finnmarks-politikken stendigt "blandet skattegrense og landegrenser sammen". Det var no det som Noreg og hadde gjort, når det rekna landegrensa si heilt aust til Vegestav. Og det var i seg sjølv ein heilt naturleg ting, nøyje fest i hop med sjølve den veksande statstanken. Den skipnaden som galdt i Finnmarka etter 1550, var so urimeleg og so utoleg so han kunde ikkje i lengda bli ståande ved lag. Den norske staten tok skatt av finnane alt ifrå Hålogaland til aust på Kola-halvøya; den russiske staten tok skatt av dei austafra og vest til Lyngen; den svenske staten skatta dei fra Tysfjorden til Varanger. Den staten som vilde rekne seg for herre i sitt eige land, kunde ikkje i lengda la ein framand stat krevje skatt innafor grensene sine, - og spursmålet vart då kva for ein stat som skulde eigne til seg lande. Sverige, den best organiserte staten, var fyrst på flekken med sitt landkrav.

Det er morosamt å lese om korleis Sverige fann juridisk grunnlag for det nye krave. Då det i 1595 gjorde fred med Russland, fekk det fastsett at den svensk-russiske grensa skulde gå ut i Nordishave attmed Varanger, og dei to landa gav upp finnskatten innafor grensene hos einannan, - Sverige all finnskatt på Kola-halvøya (der det aldri hadde havt nokon !), Russland all finnskatt vestafor Varanger. Dermed kom so Sverige til Noreg og sa: no har vi både den russiske og den svenske finnskatten i Finnmarka (den russiske parten tøygde dei likso godt med det same fra Lyngen vest til Malangen), d.v. s. to tridjepartar av skatten mellom

Varanger og Malangen og halvparten av skatten mellom Malangen og Tysfjord; soleis rår Sverige i røynda mest for Finnmarka, og - her er den svenske formuleringa frå 1603 - ”allestädes der Sveriges krono tager uti Lappemarken skatt, der haver hon och rettighet til folk, land, vatn, skog och mark, och bor njuta all höghet i andelig och verdslig rettighet och alle andre nyttigheter”. På dette rettsgrunnlage tok den svenske kongen til å bere seg som om han var einherre i

-16-

Finnmarka, og, til slutt tok han jamvel tittelen ”De lappars i Nordlanden konung

Det er reint dramatisk spaning i den utgreiinga vi kann lese hos Johnsen, om den motsetninga som på den måten voks opp mellom Danmark-Noreg og Sverige. For endeleg no under Christian IV tok den dansk-norske regjeringa til å skjønne kor mykje saka, hadde på seg. I ein gl. instruks frå 1603 heiter det at det som det stod om i Finnmarka, var ikkje berre den vesle finnskatten; det som var alvorleg, det var at ein framand stat skulde ha noko slag hererrett midt inne i Noregs rike. Her har vi den fulle statstanken frå denne sida og. Og her måtte ein av partane vike. Finnmark-spursmåle vart difor hovudårsaka til krigen mellom Danmark- Noreg og Sverige i 1611, og freden i 1613 var siger for Noreg: Sverige måtte gje avkall på skatt av sjøfinnane og all annan herrerett på norsk grunn frå Tysfjorden til Varanger.

Dermed var Finnmarka berga for Noreg i minsto; so langt som til Varanger; både Russland og Sverige var trengd til sides her, - Noreg hausta frukta av at Sverige hadde vunne på Russland tjuge år fyrr. Det var soleis ein viktig siger, Christian IV her vann, og det var i røynda den einaste sigeren i utariks-politikken hans. Striden hans for Finnmarka var ein led i den store striden han førte for herredøme yver Nordhave og alle nordhavslanda ; men sjølve denne striden tapte han, - her måtte han bøyge undas for Nederland og England og gje upp dei gamle norske krava.

Vil ein sjå striden om Finnmarka i denne samanhengen, so skal ein lese ”Kongens Strømme” av Arnold Ræstad (1912), eit av dei beste historieverka som er skrevne hos oss i den siste tida, og sers viktig for nordnorsk historie; noko utfylling fær det ifrå eit anna verk av same bokskrivaren, ”Norges høihetsret over Spitsbergen i ældre tid” (like eins frå 1912).

Finnmark-spursmåle var slett ikkje ferdigt med avgjørsla i 1613, om det so aldri meir kveste seg til i slikt eit drama. Faste landegrenser var i røynda endå ikkje sett. På ”Sørfjelle” i Finnmarka tok framleis både Noreg, og Sverige

finnskatt, so dei øvre dalane oppmed Alta og Tana var norsk- svensk skattland. Finnbyen Enare skatta jamvel både til Russland, Sverige og Noreg. So skulde det være norsk-russisk skattland, alt lande frå Varanger aust til Svjatoi Nos. Men nett frå 1612 nekta russane den norske fjellfuten å få ta skatt av finnarne på Kola-halvøya, og Danmark-Noreg våga aldri ta ein strid med Russland om dette spørsmåle. Kvart einaste år gjorde futen på Vargøy ei ferd aust til Kola og kravde skatten, - og for heimatt utan skatt; det heile vart berre ei form. Det einaste område som framleis var sams norsk-russisk skattland, var lande frå Varanger til Fiskarhalvøya: Neiden, Pasvik og Peisen (Petsjenga).

Endå soleis som hopehave på den måten var innskrenkt, måtte det ble for mykje etter kvart som alle statane feste suvereniteten sin og skipa styringa si. Frå 1690-åra tok det til å ble strid med Sverige om fjellfinnane, og denne striden førte til slutt til at ei fast grenseline vart dregen upp mellom Noreg og Sverige i 1751. Frå 1770 åra tok det til å ble strid med Russland, serleg om fiske på havstrenderne, og endeleg kom grenselina på den kanten og i 1826. Alt dette er sers klårt og fast utgreidd hos Johnsen.

Dei to grense-uppgjøra i 1751 og 1826 var i nokon mun til tap for Noreg; vi måtte gje upp dei gamle herrekrava våre, og serleg i det fyrste oppgjøre kann ein sjå vi hadde skade av at dei som skulde være umbodsmennene våre ikkje hadde kjennskap til den gamle historia vår. Reint utarikspolitisk stod vi heller ikkje sterkt i dei tidene. Det er sermerkt at skattkravs-ferdene til Kola, som fyrr hadde vore årvisse, dei vart ifrå 1785 gjort berre tredje-kvart år, og etter 1813 vart dei beilt oppgjevne. Nett i den fyrste sjølvstendetida vår etter 1814 var vi so langt nede i politisk vannmakt som kan skje aldri fyrr, og det sette då og merke på oppgjøre i 1826. Men ser vi tilbake på heile historia om Finnmarka frå dei eldste tidene fram til no, so er det likevel mykje vi kann være glad for, og største æra for at vi i dag kann tale om eit norsk Finnmark, skal det fiskarfolke ha som drog seg austetter frå vær til vær langs med dei verharde strenderne og gav lande ei fast busetning av nordmenn i alle fjordane, det er ”doten” og ”skolpen” som har vunne Finnmarka, for Noreg.